

# Reglement for Førde barneskule

Versjon: 15.12.2020



# Reglement for Førde barneskule

Vedteke 27.nov. 2014. Revidert 5. des. 2018, sept. 2019 og 18.12.2019.

Reglementet er bygd på visjonen:

**Elevane våre skal erfare at dei kvar dag blir;**  
**- sett og møtt med omtanke**  
**- lytta til og respektert**

## Innhold:

• Hovudreglar	s. 3
• Reglar ute	s. 4
• Reglar inne	s. 5
• Skulevegen	s. 5
• Om du bryt reglane	s. 6
• Forventningar til føresette	s. 7
• Føresette sine forventningar	s. 7
• Rutine for melding av fråvær	s. 8
• Elevane sitt arbeidsmiljø	s. 9
• Formelle krav	s. 10
• Telefonliste	s. 15

# Hovudreglar

## Du skal:

- Svare høfleg, og vere hyggeleg mot andre, både barn og vaksne. Du skal ikkje krenke, kalle eller banne.
- Opphalde deg på skulen sitt område i skule og SFO-tida.
- Møte i rett tid til alle timar.
- Gå heim etter at skule/SFO er ferdig for dagen.
- Ikkje bruke hovudplagg i klasserommet
- Medverke til arbeidsro i klassen.
- Leike saman med andre slik at ingen blir skada eller skremd.
- Ikkje ete godteri og tyggegummi i skuletida. Læraren kan gje løyve til å nytte dette i spesielle høve.
- Ha mobiltelefon, smartklokke og anna elektronisk kommunikasjonsutstyr avslått. (Def. smartklokke: Ei klokke som har funksjonane "kommunisere" og "ta bilde med.")
- Utstyret skal ligge i sekken ut skuledagen, eller samlast inn av lærar.  
Dette gjeld og ved andre tilstellingar i skulens regi og på skulen sitt område.  
*Viser til FAU sitt dokument datert 10. mai 2019 om tilrådde sosiale retningslinjer.*
- Følgje reglane ute, inne og på skulevegen.

# Reglar ute

- Du skal vere ute i friminutta, og ikkje opphalde deg i Amfi, korridorane, vindeltrappa, på svalgangen, parkeringsplassen ved kyrkja eller på kyrkjemuren. Inngangshallen er berre open for elevar før kl. 08.45.
- Alle har ansvar for at det er ryddig på uteområdet.
- Alle leikar skal ryddast inn når skuledagen er slutt.
- Graving av sand skjer i sandkassa. Fallgrusen skal ikkje flyttast. Bøtter, spader, leikebilar og liknande skal vere i området i og rundt sandkassa.
- Alle har ansvar for at skubbing og slåsting ikkje førekjem.
- Snøball kan du berre kaste mot oppsette blinkar. Elevrådet har ansvaret for at blinkane kjem på plass.
- Ballbanene og akebakken brukar du etter oppsette lister.
- Du skal sparke ball berre på grusbana og ball-løkka.
- Du kan kaste ballar på asfaltplassen 1-4 og 5-7, men ikkje mot veggar eller under tak.
- Vi skal ta vare på tre og busker. Du kan klatre i dei to trea vest for leikeplassen (1-4). Klatring i basketstativa og i trea ved steinmuren er ikkje lov.

# Reglar inne

- Alle har ansvar for at undervisningsromma og garderobane er ryddige.
- For at alle skal ha det triveleg, må du stelle fint med skulen og alt som hører skulen til.
- Verdisaker du tek med på skulen, må du sjølv ta ansvar for. Dei vil ikkje bli erstatta av skulen om dei kjem vekk eller vert skada.
- Datautstyr skal brukast i tråd med gjeldande internettreglar for Sunnfjord kommune.

# Skulevegen

- Alle har rett til å gå trygt til og frå skulen. Ingen må true eller plage andre. Du skal seie frå dersom du ser at nokon ikkje har det bra på skulevegen.
- Skulen anbefaler at elevane kan sykle til og frå skulen frå 5. klasse. Elevane *kan* sykle frå dei byrjar i 1. klasse, med samtykke frå foreldra. Elevane må bruke sykkelhjelm og sette sykkelen på tilvist plass.
- Foreldra treng informasjon om sykkelhjelm ikkje blir nytta.
- Dersom du tek bussen, må du følgje bussreglane.
- Det er forbode å bruke røyk, snus og rusmiddel på skuleområdet.



# OM DU BRYT REGLANE skal du bli forklart kva reglar som er brotne og kvifor skulen reagerer.

## **Tilsette handlar slik:**

- Vaksne som ser konfliktsituasjonar eller andre hendingar, skal straks ordne opp i hendinga.
- Vert ikkje konflikten eller hendinga avslutta, skal kontaktlæraren ha beskjed og ordne opp mellom partane. Kontaktlæraren vurderer om heimen skal ha beskjed.
- Dersom problemet ikkje vert løyst, skal rektor informerast og vurdere vidare handsaming. Alvoret i saka avgjer om heimen skal kontaktast munnleg eller skriftleg. Aktivitetsskjema skal nyttast når ein får kjennskap eller mistanke om episodar eller hendingar som kan truge det gode og trygge skolemiljøet.
- Ved brot på reglar for mobiltelefon eller smartklokke, skal utstyret takast inn for resten av dagen. Ved gjentekne brot på regelen, skal utstyret leverast til føresette.

## **Rektor nyttar desse sanksjonane:**

- Pålegg om å rette opp ev. skade jf. skadeerstatningslova § 1-1 og § 1-2.
- Bortvising frå undervisningssituasjonen til anna rom under tilsyn, etter rektor sitt vedtak jf. opplæringslova § 2-10.
- Bortvising frå skulen kan og nyttast etter saksbehandling og enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova § 2. Før vedtaket blir fatta, skal skulen konsultere skuleansvarleg i kommunen i saka.
- Mellombels eller permanent klassebyte etter saksbehandling etter reglane i forvaltningslova (enkeltvedtak) jf. opplæringslova § 8-2.
- Permanent byte av skule etter reglane i forvaltningslova (enkeltvedtak) jf. opplæringslova § 8-1. Rektor førebur saka, og skuleansvarleg i kommunen tek avgjerd. Alle sanksjonar som kan brukast, skal ha heimel i opplæringslova.



## Forventningar til føresette:

- Ta ansvar for at eleven møter utkvilt på skulen.
- Syte for at eleven har ete frukost før skulestart og har med seg høveleg niste.
- Sjå til at eleven møter på skulen i kle og sko tilpassa årstid og vèr, og som passar til skulen sine aktivitetar.
- Lese vekeplanen og vise interesse for skulearbeidet. Syte for at eleven har med seg nødvendige bøker.
- Følgje opp leksa og sjekke at den er gjort. Legge til rette for gode rutinar. Bruke ros og oppmuntring.
- Kome på foreldremøte og kontaktmøte.
- Omtale andre elevar, skulen og dei tilsette positivt.
- Syte for at eleven respekterer skulen sine reglar.
- Ved sjukefråvær gje melding på sms/tlf. til kontaktlærar før kl.08.30.  
(Sjå neste side, når det gjeld fråvær).

## Føresette sine forventningar til skulen:

- At elevane skal erfare at dei kvar dag blir sett og møtt med omtanke.
- At elevane skal erfare at dei kvar dag blir lytta til og respektert.
- At elevane får eit likeverdig tilbod.
- Gjev konstruktive og positive meldingar.
- Gjev heimen rask melding ved avvik.

# Rutine for melding av fråvær

## 1. **Føresette skal :**

- Gje melding på sms/ tlf til kontaktlærar før kl.08.30, ved sjukefråvær.
  - Oppgje årsaka til fråværet kvar dag eller for perioden i fråværet.
  - Anna fråvære må søkast om i VISMA. Inntil 2 dagar til kontaktlærar og meir enn 2 dagar til rektor. Avklar søknaden i god tid.
2. Dersom føresette ikkje får meldt frå om sjukefråværet til kontaktlærar eller ikkje mottar OK - melding frå kontaktlærar, må fråværet meldast administrasjonen tlf. 57 72 10 80.
3. Dersom kontaktlærar ikkje har mottatt melding frå føresette om sjukefråværet: Læraren melder frå til føresette eller administrasjonen innan kl.10.00.

# Elevane sitt arbeidsmiljø

Du **skal** melde frå til læraren dersom du sjølv eller nokon andre blir mobba. Du skal sjølv ikkje mobbe eller plage andre.

Føremålet er å sikre elevane eit fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.

## Opplæringsloven §9A: Det psykososiale arbeidsmiljøet

*Dersom ein elev, forelder eller eit utval der desse er representerte, ber om tiltak som vedkjem fysiske tilhøve (§9A-2) eller psykososiale tilhøve (§9A-3), skal skulen registrere saka skriftleg og gjennomføre skriftleg saksbehandling. I saka skal det gå fram kva skulen gjer for å rette på dei tilhøve som det er peika på. Elevråda har uttalerett og kan kome med framlegg i desse sakene. Samarbeidsutvalet (SU) ved skulen fungerer som skulen sitt miljøutval ved at valde foreldre erstattar elevrepresentantane i einskilde saker. SU er arbeidsmiljøutval i saker som gjeld elevane sitt arbeidsmiljø. At SU no og fungerer som skulen sitt miljøutval etter §9A-6 i opplæringslova gjer at miljøutvalet handsamar saker som vedkjem det fysiske og det psykososiale miljøet ved skulen.*

**Mobbing** er gjentekne negativ handlingar mot ein elev, som har vanskar med å forsvare seg, kjenner seg mindre verdt og utanfor fellesskapet. Når slike handlingar er enkeltepisodar, kallar vi det for **krenking**.

For å få slutt på mobbing og krenking, skal slike enkeltepisodar avdekkast og stoppast.

### Krenking kan vere:

Baksnakking - spreiing av løgn - uthenging - truslar - negativt kroppsspråk - negativ latter - kallenamn - avvisning - utestenging frå gruppa - vald - erting - negative blikk.

### REGLAR FOR SAKSHANDSAMINGA VED TILTAK

Før det blir gjort tiltak ved brot på reglane, skal eleven kunne forklare seg for den som skal ta avgjerd i saka. Jfr. Oppl.ova §2-9 Dei mest alvorlege tiltaka, som bortvisning eller byte av klasse eller skule, krev at det blir fatta enkeltvedtak, jfr. forv.ova § 2.

# Formelle krav

Reglementet skal avspegle skulen sine verdiar. Dersom det førekjem tolkingar i reglementet vårt, som avvik frå det kommunale, er det ordlyden i det kommunale reglementet som gjeld.

## § 1. Heimel

Med bakgrunn i stortingsvedtak 8. juni 2017 om samanslåing av kommunane og opplæringslova § 9A-10 har skuleeigar i Førde, Jølster, Gauldalen og Naustdal kommune samt fellesnemnda for samanslåing av kommunane fastsett forskrift om felles reglement for orden og åtferd for grunnskulane i dei fire kommunane og for Sunnfjord kommune.

Forskrifta skal gjelde frå 1. januar 2020.

## § 2. Føremål

Reglementet skal føre til at skulane er prega av eit arbeids- og læringsmiljø som fremmar toleranse, samarbeid, respekt, trivsel, fagleg konsentrasjon, ro og orden.

## § 3. Verkeområde

Ordensreglementet omfattar alle kommunale grunnskular. Reglementet gjeld når skulen har ansvaret for elevane. Det vil seie i alle typar undervisningslokale, fellesrom og uteareal samt når elevane har undervisning andre stader enn på skulen sitt område, for eksempel på leirskule og skuleturar. Det gjeld òg på skulevegen og skulearrangement utanom skuletid. Reglementet kan også bli gjort gjeldande på tidspunkt når skulen ikkje har ansvaret for elevane, dersom oppførselen til elevane har tilstrekkeleg tilknyting til skulen.

Forskrifta gjeld også for SFO og leksehjelp. Vedtekten for SFO inneholder meir detaljerte reglar for dette.

I tillegg til at det finst ei felles forskrift for skulane, skal kvar enkelt skule utarbeide sitt eige reglement for trivsel, orden og åtferd. Dette reglementet skal ta utgangspunkt i lokale tilhøve og særleg sikre at skulen har rutinar og prosedyrar for å ta vare på eit godt læringsmiljø og elevane sitt psykososiale skolemiljø.

# Formelle krav

## Framhald §3

Rektor fastset det lokale trivselsreglementet etter at skolemiljøutvalet ved skulen har behandla det og komme med innspel.

Rektor skal syte for at det lokale trivselsreglementet ikkje er i strid med den kommunale forskrifta.

## § 4. Rettar

Som elev har du rett på

- at alle møter deg på ein ordentleg måte
- at andre viser deg respekt og lèt eigedelane dine vere i fred
- at du skal vere fri for fysisk, psykisk, verbal og digital plaging/mobbing/krenking og trakassering
- at du får eit trygt og godt lærings- og skolemiljø
- at tilsette grip inn og reagerer ved brot på god framferd eller farlege hendingar

## § 5. Plikter

Som elev har du plikt til å

- møte andre på ein ordentleg måte
- vise respekt og la andre og skulen sine eigedelar vere i fred
- ikkje plage, mobbe, krenke eller trakassere nokon, verken fysisk, psykisk, verbalt eller digitalt
- arbeide for eit godt lærings- og skolemiljø
- at tilsette grip inn og reagerer ved brot på god framferd eller farlege hendingar.

## § 6. Reglar for god orden

- møte presis til timer og avtalar
- møte førebudd til opplæring
- ha med nødvendig utstyr du har fått tildelt, og ta vare på det
- halde fristar og gjere arbeid til rett tid
- følgje skulen sine reglar for melding av fråvær
- halde god orden

# Formelle krav

## § 7. Reglar for god åtferd

- vise omsyn og respekt for andre uansett kjønn, nasjonalitet, religion, livssyn, seksuell orientering m.m.
- møte skulen sine tilsette og medelevar med respekt og gjere ditt for å halde arbeidsro i timane
- rette deg etter beskjedar frå skulen sine tilsette
- vise nettvett og følge skulen sine reglar for bruk av mobiltelefon, datautstyr og digitalt utstyr
- følge skulen sine reglar for bruk av hjelpemiddel og spesialutstyr

Oppførsel som ikkje skal aksepterast:

- krenking, trakassering eller mobbing
- true med eller utøve fysisk vald
- fusk og plagiat eller forsøk på dette
- ha med, bruke eller vere påverka av alkohol, narkotika eller andre rusmiddel
- bruk av tobakk eller snus på skulen sitt område, eller når skulen har tilsynsansvar
- ha med eller bruke farlege gjenstandar utan løyve frå skulen
- bruke plagg som heilt eller delvis dekker til ansiktet

## § 8. Bruk av elektroniske hjelpemiddel

- IKT-utstyr som blir brukt i skuletida, skal brukast til skulerelaterte oppgåver.
- Privat IKT-utstyr som mobiltelefon, nettbrett, berbare datamaskiner og liknande skal berre brukast etter avtale med skulen.
- Publisering av innhald på nett og kommunikasjon gjennom kommunens IKT-utstyr skal ikkje innehalde tekst, bilde, lyd eller video som kan verke støytande på eller henge ut enkeltpersonar eller grupper.
- Publisering av bilde, lyd og video på nett krev samtykke frå dei som blir eksponerte.
- Elevane kan ikkje installere privat programvare på kommunalt utstyr.
- Brukarnamn og passord er privat og skal berre brukast av den aktuelle eleven.

# Formelle krav

## Framhald § 8. Bruk av elektroniske hjelpemiddel

- IKT-bruk utanom skuletid er i utgangspunktet heimen sitt ansvar, men åtferd som har tydeleg tilknyting til skulen, kan falle inn under skulen sitt ansvarsområde.
- Brot på regelverket vil føre til tiltak frå skulen.

## § 9. Tiltak ved brot på reglane for orden og åtferd

1. munnleg rettleiing frå lærar
2. merknad
3. munnleg rettleiing frå rektor/skuleleiar
4. inndraging av rusmiddel, farlege gjenstandar og utstyr som forstyrrar undervisninga
5. skriftleg melding til foreldre/føresette
6. pålegg om å utføre oppgåver før eller etter skuletid, ev. i friminutt, for å rette opp skadar eller tilhøve eleven er ansvarleg for
7. meklingsprosess i regi av konfliktrådet (etter skulens vurdering)
8. bortvising frå undervisning for enkelttimar, på enkeltarrangement eller resten av dagen
9. bortvising i inntil tre dagar (8.-10. klasse)  
(jf. opplæringslova § 9A-11)
10. mellombels eller permanent byte av klasse/gruppe  
(jf. skriv frå KD 26. april 2018)
11. mellombels eller permanent byte av skule  
(jf. opplæringslova § 8-1)

Fysisk refsing eller kollektiv straff er ikkje tillate.

Eleven pliktar å rette seg etter pålagde tiltak. Dersom eleven ikkje overheld dette, kan det føre til nye tiltak.

# Formelle krav

## § 10. Vurdering av elevens orden og åtferd

Skulen skal vurdere orden og åtferd ut frå reglane i denne forskrifta samt skulens lokale trivselsreglement. Elevens orden og åtferd kan ikkje fastsettast ut frå anna vurderingsgrunnlag enn dette.

Karakteren i orden eller åtferd vil som eit hovudprinsipp bli sett ned ved gjentekne brot på ein eller fleire reglar. Karakterane kan også settast ned ved enkelthendingar viss det er snakk om særleg grove brot på reglementet.

## § 11. Politimelding

Alvorlege hendingar og skadeverk vil bli melde til politiet.

## § 12. Erstatningsansvar

Ved skadeverk på skulens eigedom kan elev og/eller foreldre/føresette bli erstatningsansvarleg(e). Det same gjeld ved tap av undervisningsmateriell (jf. skadeerstatningslova § 1.1 og 1.2).

## § 13. Saksbehandling ved bruk av tiltak

- Skulen skal sørge for at avgjerda blir teken på eit forsvarleg grunnlag.
- Eleven skal ha fått høve til å forklare seg munnleg for den som tek avgjerda.
- Skulen skal grunngi tiltaket. Dersom avgjerda har særleg betydning, skal grunngivinga vere skriftleg.
- Før avgjerd om bortvising skal skulen ha vurdert bruk av andre tiltak eller hjelpetiltak.
- I alvorlege saker skal skulen varsle foreldre/føresette så snart det er råd.

Foreldre/føresette til elevar på 1.–10. trinn skal varslast før det blir sett i verk bortvising frå skulen.

Tiltaka i § 9 nr. 9 og 11 i denne forskrifta er enkeltvedtak og skal behandlast i tråd med reglane for enkeltvedtak i forvaltningslova.

## § 14. Iverksetting og kunngjering

Denne forskrifta trer i kraft frå det tidspunktet skuleeigar bestemmer.

Reglementet for orden og åtferd, både den kommunale forskrifta og skulens lokale trivselsreglement, skal gjerast kjent for elevar, foreldre/føresette og tilsette kvart år i starten av skuleåret. Forskrifta og det lokale reglementet skal til kvar tid vere tilgjengelege på skulens nettsider. Rektor har ansvaret for at dette blir gjort.

# Telefonliste

## **Administrasjon:**

Kontor: 57 72 10 80

## **Rektor Therese Helland:**

Tlf. 57 72 10 82

E-post: therese.helland@sunnfjord.kommune.no

## **Assisterande rektor Ove Farsund:**

Tlf. 57 72 10 83

E-post: ove.farsund@sunnfjord.kommune.no

## **SFO-leiar Monica Flaten:**

Tlf. 57 72 10 86

E-post: monica.flaten@sunnfjord.kommune.no

## **SFO Bikuba (1. og 2. klasse):**

Tlf. 95 46 46 61

## **SFO Edderkoppen (3. og 4. klasse):**

Tlf. 91 00 90 19

## **FAU-leiar Øyvind Johan Korsøen:**

Tlf. 95 88 38 54

## **Helsesjukepleiar Wenche Bruland:**

Tlf. 57 72 10 88

57 72 21 30 (Førde helsestasjon)